

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 24/2003

av 14. mars 2003

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og
plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2002 av 6. desember 2002⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2002/67/EF av 28. januar 2002 om godkjenning av at den tyske databasen for storfe er i full drift⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld ikkje for Island og Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I del 1.2 i avtala etter nr. 14 (kommisjonsvedtak 2001/557/EF) under overskrifta “*RETTSAKTER SOM EFTA-STATANE OG OVERVAKINGSORGANET TIL EFTA SKAL TA TILBØRLEG OMSYN TIL*” skal nytt nr. 15 lyde:

- “15. **32002 D 0067**: Kommisjonsvedtak 2002/67/EF av 28. januar 2002 om godkjenning av at den tyske databasen for storfe er i full drift (TEF L 26 av 30.1.2002, s. 17).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2002/67/EF på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 38 av 13.2.2003, s. 3, og EØS-tillegget til TEU nr. 9 av 13.2.2003, s. 2.

⁽²⁾ TEF L 26 av 30.1.2002, s. 17.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. mars 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 14. mars 2003.

*For EØS-komiteen
Formann*

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.